

På vegne av Frilynt Norge, Norsk amatørteaterforbund, Noregs Ungdomslag, Studieforbundet kultur og tradisjon og Norsk musikkråd vil eg ønskje dykk hjarteleg velkomne til dette innleiande seminaret for ei mogleg etablering av ein kulturparaply.

- Vi fem organisasjonane er initiativtakarar til dette prosjektet, og vi har sett veldig fram til denne dagen. Vi er utruleg glad for å sjå representantar frå så mange kulturorganisasjonar her i dag!

Dei fleste av dykk som er her, er så heldig å få arbeide innanfor det frivillige kulturfeltet nesten kvar dag, kvar veke, heile året. Dei av dykk som er tillitsvald deltek kanskje litt sjeldnare, men de får til gjengjeld bestemme litt meir.

Alle vi som er her, veit at det å få delta i eit levande kulturliv gir livet innhald, verdi og meining. Mange av oss har starta vår kulturelle reise som 3. klarinett i eit skulekorps, dansar i ein barneleikarring, eller som songar i det lokale koret. Desse interessene har følgt mange av oss gjennom livet, medan andre har oppdaga denne kulturfrivilligheita i meir vaksen alder, der vi kanskje i tillegg har engasjert oss gjennom tillitsverv på lokalt, regionalt eller nasjonalt nivå. Dei av oss som kanskje er heldigast av alle, er oss som faktisk får betalt for å drive organisasjonane som skal gjere kvardagen enklare for lokallaga og medlemmene våre.

Det som uansett foreinar oss, er at vi er veldi klar på betydninga av å vere organisert i eit fellesskap. For organisasjonane handlar dette om å vere i eit fagleg interessefellesskap, der medlemmene kan kjenne på ei sosial eller kulturell samhörigheit, og der vi kanskje også kan markere eit ideologisk eller organisatorisk skilje til konkurrenten som er organisert parallelt med oss.

Mange av dei frivillige kulturorganisasjonane har også organiserte fellesskap seg i mellom. Det finst fleire paraplyorganisasjonar for dei frivillige organisasjonane som organiserer både på tvers av og på tross av organisasjonsgrenser i dag.

- Likevel har det i mange samanhengar vore snakka om at kulturorganisasjonane skulle hatt ein eigen paraplyorganisasjon for å fremje *kulturfrivilligheita* sine interesser.

- Kulturorganisasjonane er også *frivillige* organisasjonar, men i mylderet av frivilligheit og generell organisasjonsrikdom, har det dei siste åra vorte meir og meir tydeleg at vi hadde vore tent med å ha ei tydelegare stemme som kan snakke *kulturen* og *kulturorganisasjonane* si sak. Vi ser korleis andre tunge paraplyorganisasjonar klarer å fremje sine interesser; Frivillighet Norge og Norges Idrettsforbund er to klare eksempel på vellukka interesseorganisasjonar i så måte, som evnar å løfte fellesskapssakene fram.

Lysta og behovet til å gjere noko har vore der hos mange av organisasjonane, men vi har mangla ressursane til å gjere noko med dette.

Så, har det gjennom det siste året skjedd endringar i "paraplylandskapet" for delar av kulturorganisasjonane, sidan teaterorganisasjonane ikkje lenger har ein samlande paraplyorganisasjon. Ein del av denne historia er også at Kulturdepartementet i vår lyste ut ein relativt stor pott pengar til felles amatørteatertiltak, etter at det organiserte fellesskapet var i ferd med å smuldre opp. Dei tre største nasjonale amatørteaterorganisasjonane, Frilynt, Norsk amatørteaterforbund og Noregs Ungdomslag, ville søkje på desse midlane, for å sikre at viktige fellestiltak for feltet kunne vidareførast.

- Samtidig såg vi tre organisasjonane at dette var ei moglegheit til å søkje saman for å finne og definere eit heilt *nytt* organisasjonsfellesskap. - I staden for å etablere ein liknande paraplyorganisasjon som til no hadde samla oss, såg vi det som føremålstenleg å løfte blikket, og prøve å etablere eit breiare fellesskap.

- Det var i denne samanheng naturleg for oss å søkje eit samarbeid med Norsk musikkråd, som ein etablert, paraply for delar av kulturfeltet, men også fordi vi visste at musikkrådet i fleire samanhengar hadde teke til orde for etablering av ein slik paraply. Samtidig var det naturleg for oss å involvere vårt felles studieforbund, sidan opplæringsaktiviteten vår er heilt avgjerande for å skape den lokale kulturaktiviteten som vi organisasjonane er tufta på.

Dette organisasjonsfellesskapet på fem organisasjonar valte å søkje Kulturdepartementet om midlar i to omgangar; for det første søkte vi på den utlyste potten med midlar til felles amatørteater tiltak, men dette er i og for seg irrelevant her. Det sentrale for dette forumet, er at vi også søkte om finansiering av eit pilotprosjekt om å få utgreie behovet for ein samlande paraply for kulturfeltet.

- Vurderinga vår var at timinga var god sidan vi hadde uansett behov for ei reorganisering av det nasjonale amatørteaterfeltet. Kongstanken har likevel heile tida vore at vi ønskjer å samle heile kulturfeltet i ein felles paraply.

Kulturdepartementet løyvde ein million kroner til dette arbeidet, og det gav oss dei musklane vi trengte for å setje i gang eit utgreiingsarbeid. - Vi veit eigentleg at behovet er der; og at dette i utgangspunktet ikkje treng noko utgreiing. Vi meiner likevel at eit skikkeleg utgreiingsarbeid må til, for å få kartlagt mest mogleg av ønskja og behova og kanskje også moglege hinder for å få etablert ein slik organisasjon.

Dette innleiande seminaret markerer for oss det formelle avsparket for denne prosessen. Dette er ikkje eit informasjonsseminar frå vår side, for den vidare prosessen er veldig open. Dette er rett og slett tenkt som eit inspirasjons- og innspelsseminar.

- Målet vår er at vi gjennom dagens program klarere å inspirere dykk til å bli med i det vidare arbeidet. Vi håper at innleiarane åleine og saman skal kunne gje oss nyttige innspel og perspektiv til dette arbeidet, slik at vi kan avrunde dagen med ei konkret innspelsrunde til det vidare arbeidet.

Som eit resultat av dagens seminar ønskjer vi å setje ned ei eiga arbeidsgruppe for den vidare prosessen, med brei representasjon frå alle sjangrar/uttrykk, der de altså har høve til å vere meir hands-on den vidare prosessen. Dette vil vi kome nærare tilbake til på slutten av dagen i dag.

Så, velkomen igjen! Eg håper de vil bidra godt i diskusjonane og det vidare arbeidet!